



Stendal VVS AS
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykker:
Vår: 15/596 - 15/9487

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
06.05.2015

Løyve til tiltak og dispensasjon - oppgradering av avlaupsanlegg - gbnr 102/79 Vabø.

Administrativt vedtak. Saknr: 148/15

Tiltakshavar: Kenneth Gundersen
Ansvarleg søker: Stendal VVs AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av slamavskiljar på eksisterande avlaupsleidning for gbnr 102/79 og å forlenga leidningen ut i sjø.

Det er gitt utsleppsløyve i vedtak datert 06.05.2015.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå arealføremålet i kommune (tbl § 11-6) og byggjeforbodet langs sjø og vassdrag (tbl § 1-8).

Det vert elles vist til søknad motteke 19.02.2015.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 21.04.2015. Det er ikkje lovfesta tidsfrist for handsaming av dispensasjonssaker.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til LNF-føremål. I tillegg ligg tiltaket innanfor 100-metersbeltet og vert råka av byggjeforbodsgrensa langs sjø.

Tiltak som gjeld utskifting/oppgradering av eksisterande avlaupsanlegg vert vurdert til ikkje å krevja dispensasjon frå LNF-føremålet.

Dispensasjon



Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Søker om dispensasjon til å grave ned 4m2 slamavskiller til gnr. 102 bnr 79 Vadbuvegen 252 plasseres på gnr. 102 bnr 6.

Grunner at de i dag berre er ein 110mm ledning fra huset og ut i sjøen som er dagens avløp og som har vert slik i 50 år.

Dette er ikkje i samsvar etter Lindås kommune sine normer på avløp i dag og de ønsker eg å utbedre.

Pga. fall fra huset på eksisterende slange under kommunal vei og ut, så er de ønske om å sette denne slamavskilleren på annen mans eiendom.

Den sjøledningen som er i dag ligger på 2 meter dybde og me ønsker å forlenge den slik at den vert liggende på 10 meter dybde .

I dag er dette ein fritidsbolig som har privat vann og avløp etter gammel stander og dette fungerer fint.

Med hensyn til utslippet som slipper rå kloakk direkte ut i fjæra i dag, så vert de berre grov vann som kjem ut etter slamavskilleren og med forlengelse av eks. sjøledning så vert utslippet av grov vann på 10 meter dybde.

Slamavskilleren vert dekka til så inngrepet innanfor 100-metersbeltet langs sjø vill ikke endre seg drastisk.

Dette er da ein fordel for natur og miljøet i fjorden etter mitt syn.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klageurdering.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 12.01.2015.

Vegstyresmakta har i vedtak datert 21.04.2015 gjeve dispensasjon frå byggjegrensa mot kommunal veg på vilkår av at minste avstand mellom tiltaket og midt kommunal veg er minimum 6,0 meter.

Vatn og avløp (VA)

Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve vedtak datert 05.05.2015.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nyttet rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verta vesentleg sett til side, for det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggja innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vera ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulepper dispensasjonen kan medføra, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Innanfor byggjegrensa langs sjø er det særleg verdiar knytt til friluftsliv, natur, landskap og allmenta sine interesser som gjer seg gjeldande. Omsøkte tiltak gjeld oppgradering av eksisterande avlaupsanlegg på eigedom med påståande våningshus som vert nyttet som fritidsbustad. Området er ikkje utbygd med kommunalt kloakkkanlegg. Slamavskiljaren skal plasserast på eit smalt og bratt område mellom den kommunale vegen og sjøen. Anlegget skal gravast ned og terrenget skal reetablerast. Administrasjonen er ikkje kjend med at det er særskilde friluftsinteresser eller andre allmenne interesser i området. Etablering av omsøkte tiltak vil etter administrasjonen sitt syn ikkje ha vesentlege negative verknader på arealbruk eller omgjevnader, men vil vera positivt då ein vil få ei oppgradert avlaupsløysing og sikra ei forsvarleg handtering av avlaupsvatnet frå eigedomen.

Administrasjonen finn etter ei samla vurdering at omsynet bak byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø ikkje vert vesentleg sett til side. Fordelane ved omsøkte tiltak vert vurdert større enn ulempene. Vilkåra for dispensasjon er oppfylt, jf pbl § 19-2. Dispensasjon vert gitt som omsøkt.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden på vilkår som gitt i vedtak om dispensasjon frå byggjegrensa langs veg datert 21.04.2015.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre erklæring med rett til å plassera anlegget på privat eideidom datert 14.02.2015. Kommunen vil tilrå at privatrettslege avtalar vert tinglyst.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Stendal VVS AS**, org.nr. 980626180, har søkt ansvarsrett som **ansvarleg søker (SØK)**,

prosjekterande (PRO) og **utførande (UTF)** for heile tiltaket.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Godkjenning etter anna lovverk:

Forlenging av avlaupsleidningen ut i sjø krev løyve frå Bergen og Omland Havnevesen etter havnelova.

Naudsynt løyve må liggja føre før arbeidet vert starta opp.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå pbl § 1-8 (byggjeforbodet langs sjø) for oppgradering av avlaupsanlegg og etablering av slamavskiljar i samsvar med søknad og dei vilkår som går fram av saksutgreiinga.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppgradering av avlaupsanlegg med etablering av slamavskiljar og forlenging av eksisterande avlaupsleidning ut i sjø i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 12.01.2015.
2. Minste avstand mellom tiltak og midt veg skal vera minimum 6,0 meter, jf vedtak om dispensasjon frå byggjegrensa langs kommunal veg datert 21.04.2015.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
4. Tiltaket skal utførast i samsvar med utsleppsløyve i vedtak datert 05.05.2015.
5. Tiltaket krev løyve frå Bergen og Omland Havnevesen. Naudsynt løyve etter hamnelova skal liggja føre før arbeidet vert sett i gang.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVARSUMRÅDE
SØK	Stendal VVS AS	980626180	S	1	Ansvarleg søker
PRO	Stendal VVS AS	980626180	S	1	Heile tiltaket
UTF	Stendal VVS AS	980626180	S	1	Heile tiltaket

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/596

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova medfører ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal visa at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfesta at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisera attståande arbeid, stadfestea at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og setja tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.1	Dispensasjon som gjeld byggjeforbodet i strandsona, pbl § 1-8	1	Kr 8 400,-
10.2.6	Basisgebyr andre bygningar, konstruksjonar og anlegg 70 % reduksjon av gebyr der det er eldre godkjende anlegg, jf punkt 17.2.2	1	Kr 1 020,-
10.2.9	Godkjenning av ansvarsrett per føretak som har sentral godkjenning	1	Kr 1 000,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 10 420,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bergen og Omland Havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Kenneth Gundersen	Dalemarka 113	5918	FREKHAUG

Mottakarar:

Stendal VVS AS	5911	ALVERSUND
----------------	------	-----------